

## VU-PPU 210; Utforsking av vitensentre 2

Etter samlinga på Norsk Teknisk Museum 16. og 17. mars har deltakarane på VU-PPU210 starta ein større utviklingsprosess i eigen institusjon. Her har deltakarane invitert inn fleire i institusjonen for å diskutere seg fram til og bygger opp ei felles forståing av kva som kjenneteiknar ein god installasjon, og korleis ein kan identifisere og utvikle slike installasjonar i praksis. I tillegg skal deltakarane gjennomføre eit konkret redesign på ein installasjon.

I desse dagar gjennomfører kurshaldarane Skype-møter med kvar enkelt deltakar. Gjennom desse samtalaner ser det ut til at det skjer mykje interessant ute i dei ulike vitensentra. Det blir spanande å følgje prosessen der innhaldet frå kurset blir vidareutvikla i praksis.

Den 3. og 4. desember er siste samlinga på Garborgsenteret og Vitengarden på Jæren. Då vil og leiarane ved dei ulike Vitensentra delta på samlinga.

Eit av resultatane etter UtVite-kurset del 1 og 2 er å skrive ei handbok for vitensenteransatte basert på ulike erfaringar frå kurset. Meir om denne handboka kan de lese om i seksjonen under.



## PhD-prosjektet

Me i kontroversgruppa har nå landa på eit skuleprogram som me synes at dekker dei kriteriene me har satt oss. Nå blir det spanande å sjå korleis elevane responderer på programmet.



I den første delen av programmet lærer elevane generelt om bakterier, korleis antibiotika fungerer og korleis bakterieresistens oppstår. Under hovuddelen av programmet skal elevane ta stilling til og diskutere ulike tiltak som kan redusere bakterieresistens-utviklinga. Målet er at elevane får øve seg på å argumentere og ta val knytt til realfaglige kontroverser som omhandlar usikker kunnskap, kompleksitet og utan eit rett eller galt svar.

Den 21. oktober vart det fulle programmet presentert på Inspiria sitt formidarmøte. Her fekk me nyttige tilbakemeldingar for å finjustere det praktiske og innhaldet i programmet.

Det vil blant anna bli bruk av petriskåler, plakktavler og elevane må ta stilling til om dei vil reise mindre for å redusere bakterieresistens-utviklinga.

## Handbok om redesign av installasjonar i Vitensentra

Ut frå erfaringane i UtVite-kurset ønsker me å lage ei handbok for vitensenteransatte om det å gjera redesign på installasjonar. Boka vil bli strukturert ut frå slik UtVite-kurset er bygd opp.

I handboka vil me greie ut om læringssynet som er grunnlaget for kurset. I tillegg vil boka gi ei innføring i ulike observasjons- og evalueringsverktøy for å få informasjon om korleis installasjonen fungerer. Til slutt vil det bli presentert konkrete døme frå dei ulike redesigna som deltakarane på UtVite-kurset har gjort.

Me håpar at handboka vil vera til inspirasjon for andre vitensenteransatte og at det kan skape eit felles språk for observasjonar av opplevingar i utstillinga og for redesign av installasjonar.

## Konferansar

### UtVite på ECSITE, Trento 11-13.juni

På Ecsite hadde UtVite tre innlegg, eitt innlegg på pre-konferansen og to på hovudkonferansen.

På pre-konferansen hadde Ingrid i UtVite og Ida frå VilVite eit innlegg om korleis ein kan redusere gapet mellom forskning og praksis. Her gav dei kvart sitt døme på samarbeidsprosjekt i UtVite, Kontroversprosjektet og UtVite-kurset.

På hovudkonferansen hadde Dagny eit innlegg om Ungdomsmedvirkningsprosjektet og Merethe om UtVite-kurset. Sesjonen var knytta til det å gjennomføra forskning og utviklingsarbeid i samarbeid med publikum og/eller ansatte på Vitensenter. Det var tydelig at dette var eit tema som interesserte folk då det var mange folk som møtte opp til sesjonen.



### Ungdomsmedvirkningsprosjektet presentert på Research Network for Design Anthropology, København 13-15.august

Ungdomsmedvirkningsprosjektet med Greåker VGS og INSPIRIA vart presentert på avslutningskonferansen for eit internasjonalt nettverk av antropologar som arbeider med collaborative research og co-design.

### Kontroversprosjektet presentert på ESERA, Helsinki 30.august – 4.september

Ingrid presenterte dei første funna frå PhD-prosjektet om kontroversar i Vitensenter i sesjonen "Relevant in the room" på ESERA (*European Science Education Research Association*). Sesjonen fokuserte på ulike døme på relevant realfagundervisning i alternative læringsarenaer. Det vart og diskutert kva me legg i ordet *relevant*, og kva kompetansar som er relevante for elevane i dagens samfunn.

## Masterstudent

Ingrid Drangevåg er ny masterstudent i UtVite. Ho går 5.året på Lektorutdanning i Real FAG på NMBU, Ås. Ho er heilt i startfasen av masteren sin. Denne hausten jobber ho med å spisse problemstillinga, lese litteratur og gjera eit pilotstudie. Til våren skal ho gjennomføre eit studie og skrive ei masteroppgåve.

Ingrid er interessert i sjå på vitensenterbesøk til elevane i videregående skule. I tillegg er ho interessert i bruk av eigenvurderingsskjema som ein måte å gjera elevane bevisst på sin eigen læringsprosess og kva dei kan og ikkje kan. Difor vil Ingrid sjå på korleis eigenevalueringsskjema kan brukast i tilknytning til eit skulebesøk for videregåandelevane på Inspiria. Ho har lyst til å utarbeide eit skjema i samarbeid med ein lærar og formidlarane på vitensenteret. Dette skjemaet er tenkt brukt som eit for – og etterarbeid.

I skjemaet vil ho blant anna spørje elevane meir fagspesifikke spørsmål knytta til besøket, men og om elevane si oppleving av besøket. Tanken er at eit slikt eigenevalueringsskjema kan vera med og auka bevisstheten hos elevane om kva utbytte dei kan få frå eit vitensenterbesøk.

[Sjå forslag på aktuelle masteroppgåver her.](#)  
[Les alle masteroppgåvene i UtVite her!](#)

## Siste del av UtVite

UtVite held på ut våren 2017. Det neste året vil me difor primært bruke som ein skriveperiode for å få formidla erfaringane våre frå dei ulike prosjekta og sette desse erfaringane inn i ein større samanheng. Det vil blant anna bli artikkelskriving og skiving av handboka frå UtVite-kurset.

## Tips til lesing og informasjon

[Realfagsstrategien «Tett på realfag»](#)  
[UtVite sine Facebook-sider](#) (dette samfunnet har vore inaktiv ei periode, men vil nå bli brukt til å legge ut tips til relevant lesing)  
[Informasjons-brosjyra til UtVite](#)

[Tidligere nyhetsbrev i UtVite](#)

For meir informasjon om UtVite: [www.utvite.org](http://www.utvite.org)